



Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan, miljø og teknisk utval		19.03.2014

1. handsaming - Høyringsutkast for endring av detaljreguleringsplan for Runningen

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Planomtale Detaljregulering Runningen

Saksutgreiing:

Plan, miljø og teknisk utval vedtok 06.02.2013 sak 7/13 at ein skulle starte opp med ein reguleringsprosess for å realisera 1-3 tomter for bustader i området som er regulert til friområde i gjeldande reguleringsplan for Runningen.

Varsel om å starte opp reguleringsarbeidet ble sendt ut 1.7.2013 og kommunen har fått merknader til planarbeidet frå Fylkesmannen i Telemark, Telemark fylkeskommune, Seljord Folkehøgskule og bebuarar i Runningen som har samla seg om eit innspel.

Planen legg opp til 2 nye bustadtomter, som vil få tilkomstveg frå eksisterande veg til tomt 6 i reguleringsplan for Runningen. Tilkomstveg er no privat og det er gjort avtale med vegeigar om at kommunen overtek vegen. Kommunen skal asfaltere vegen, samt etablere ein vendehammar for snuplass til renovasjon/brøytebil Kommunen tek og på seg ansvar for vedlikehald og snømoking av vegen fram til tomtegrense gnr. 41 bnr. 60.

I varsel om oppstart av endring av reguleringsplanen, er det fremma ynskjer om opparbeiding av turveg som blir bruka av bebuarane i Runningen. I dette planforslaget vil ein legge til rette for nokre justeringar for turveg i område. I gjeldande reguleringsplan er det satt av areal til tursti, denne er ikkje realisera og vil difor bli erstatta av dei to nye som er omtala i planomtala under punkt 3.1. Endra turvegtrasé

"Turveg vil bli oppgradera med små justeringar, nytt grusdekke og ei bruordnung over smal bekk, slik at den kan fungera som tilkomstveg for mjuke trafikantar. Den nye turvegtraséen ligger betre i terrenget enn den tidlegare regulerte og erstattar den som var planlagt når feltet skulle byggast ut i starten på 2000 talet. På nytt plankart er det teikna inn eksisterande turveg frå leikeplassen øvst i feltet som kryssar skogen og over til bustadfeltet Gravshaugane. Denne stien vil det ikkje bli gjort nokre endringar ved."

Det vil bli stilt rekkjefylgekrav til opparbeiding av turveg, samt mindre justeringar på svingar i bilveg mellom tomt 15 -17 fyre ein kan starte bygging av bustader på tomtene.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Plan, miljø og teknisk utval til å gjera fylgjande vedtak:

Plan, miljø og teknisk utval godkjenner planforslaget til ny detaljreguleringsplan for Runningen, jamfør plan og bygningslova §12-10 og sender planforslaget til offentleg ettersyn i seks veker frå 24.3 – 5.5.2014.

Utskrift til: